



Torvmyrane skule, barnehagen

ÅRSPLAN

2025



torvmyrane.skule@kinn.kommune.no
Administrasjon: Tlf. 57756430
Avd. Røsslyng:47795631
Avd. Skogstjerne:41534963
Avd. Blåfjør:47795632
Avd. Linnea:95710055
Avd. Friluftsgruppa: 41631088

Innhold

Torvmyrane skule, barnehagen.....	1
1. Innleiing	3
1.1 Årsplanen	3
2. Om barnehagen	4
2.1. Organisasjonen.....	4
2.2. Barnehagen sitt sær preg og satsingsområde i 2025.....	5
Leike og læringsmiljø.....	5
Tenkereiskap.....	5
3. Barnehagen sin pedagogiske plattform	6
3.1. Barnehagen sin visjon.....	6
<i>Alle barn er alles barn</i>	6
3.2. Omsorg.....	6
3.3. Leik og venskap	7
3.4. Danning.....	8
3.5. Læring	9
4. Barns medverknad.....	9
5. Barnehagen som pedagogisk verksemd	10
5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og evaluering.....	10
5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy.....	10
6. Samarbeid mellom heim og barnehage	13
7. Tilvenning og overgangar.....	13
7.1 Når barnet begynner i barnehagen.....	13
7.2 Samarbeid i barnehagen	13
7.3 Samarbeid mellom barnehagar	13
7.4 Samarbeid med instansar utanfor barnehagen.....	13
7.4 Overgang frå barnehage til skule og SFO	14
8. Praktisk informasjon	14
9. Råd og utval	15
9.1 Foreldrerådet	15
9.2 Samarbeidsutvalet	15
10. Standardar ved Torvmyrane skule	16
Alle borna.....	16
Skuleborna.....	16
Klassen og avdelinga.....	16
Klassen	16
Personalalet	17
Foreldra	17

1. Innleiing

Barnehagane i Kinn kommune vert drivne i samsvar med Lov om barnehagar med forskrifter. Rammeplan for barnehagen er ei forskrift som gjev føringer for innhald og oppgåver i barnehagen, og er eit viktig verktøy i arbeidet vårt. Barnehagen sitt samfunnsmandat er å ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø til barnas beste. Dette skal gjerast i samarbeid og forståing med barna sine heimar. Lokale vedtak gjort av Kinn kommunestyre vil til ei kvar tid vere styrande for drifta og innhaldet i dei kommunale barnehagane. Dette er synleggjort i Kinn kommune sine årlege budsjett og handlingsprogram. Desse dokumenta er tilgjengelege på www.kinn.kommune.no under planar.

1.1 Årsplanen

Årsplanen er personalet sitt arbeidsreiskap, og dokumenterer val og grunngjevingar i det pedagogiske arbeidet og synleggjer progresjon i barnehagen sitt innhald. Det vert i tillegg utarbeidd detaljerte veke- og månadsplanar som synleggjer korleis barnehagen konkret arbeider med tiltaka som er fastsett i årsplanen. Gjennom planane får foreldre innblikk i barnehagen sitt arbeid, og kan sjå samanheng mellom dei konkrete aktivitetane i barnehagen og overordna mål.

Hilde K. Aardal
Fagleg ansvarleg for årsplanen
Årsplanen er vedtatt i samarbeidsutvalet



2. Om barnehagen

2.1. Organisasjonen

Torvmyrane skule er ein stor organisasjon med barnehage, skule, og SFO med barn i alderen 1-12 år. I barnehagen har vi fem avdelingar. Skulen har felles leiing, ein rektor, to inspektørar. I tillegg har vi kontortilsette i administrasjonen. I barnehagen er grunnbemanninga to pedagogiske leiarar og ein fagarbeidar eller assistent. I tillegg kan vi ha tospråkleg assistent, ekstrapedagog eller assistent på grunn av barn som treng nokon ekstra, lærling, student og praksiselev.

Barnehagen er praksisbarnehage og tek i mot studentar frå Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen i Volda, i tillegg til elevar frå Flora Vidaregåande skule. Vi samarbeidar og med NAV og Origod om språkpraksis og arbeidstiltak. Barnehagen er valt ut som Høgskulebarnehage v/HVL og vi har tett fagleg samarbeid. På grunn av lavt tal søkerar til barnehagelærarutdanning har vi ikkje hatt studentar i 23/24.

Skulen opna i 1998 og er i år 27 år. Skulen er arkitektteikna og er eit funksjonelt bygg som ligg flott plassert inn mot Brandsøyåsen. Plasseringa gjer oss gode tilhøve for tur og utforsking, og barna kan ha sin daglege leik i naturen. I 2023 fekk vi lagt den kommunale turstien til Brandsøyåsen utafor skulen og barnehagen sitt uteområde.

Korleis er barnehagen organisert barnehageåret 24/25

I august 2024 er det 19 barn på friluftsgruppa og den består som den tradisjonelt har bestått med sin base i grindhuset mot skogen. Tal barn vil variere frå år til år. Vi tilpassar bemanning og organisering etter tal barn og den gruppa som det faktisk vert.

Avdeling Linnea vart i august 2024 lagt om til småbarnsavdeling. Det vil seie at i staden for å ha berre eit årstrinn der, vil ein ha to, eventuelt tre årstrinn. Ei 0-3 års avdeling vil vere mest korrekt å kalle det.

Avdeling Skogstjerne vart og lagt om til småbarnsavdeling. På same måte som Linnea vart dette ei 0-3 års avdeling. Desse to avdelingane har dører til det store soverommet og ligg såleis naturleg til i bygget.

Avdeling Røsslyng vart ei 3-4 års avdeling. I praksis vil det seie at vi flytta 2-åringane til småbarnsavdelingane. På grunn av alderssamansetninga var det frå august 17 barn på Røsslyng. Avdeling Blåfjør vart ei 2.5-4 årsavdeling. Vi hadde ikkje ha nok 3-4 åringar å fylle avdelinga med, så nokre av dei eldste 2 åringane fekk plass her. Her vart det 14 barn.

Kvifor vel vi å legge om på organiseringa?

Den store fordelen med å legge om ser vi er for 2-åringane. Vi ønsker at når ein begynner som 1-åring, får ein gå to år på same avdeling. Det har vore utfordrande å lage eit godt pedagogisk opplegg for 2-4 åringar på ei avdeling. No vert aldersgruppa litt meir homogen. 1-åringane får 2-åringar å sjå opp til. Tilvenning av nye 1-åringar vert fordelt på to avdelingar, ein slepp å skifte ut heile barnegruppa på avdeling «Linnea». Vi får to og to avdelingar som vert meir like og kan samarbeide meir. Leiker og utstyr vert meir tilpassa aldersgruppa.

Å legge om på organiseringa kan gje oss både fordeler og utfordringar. Barnegruppene på Blåfjør og Røsslyng kan bli på 18 barn. Det er vanleg størrelse i andre barnehagar, men nytt for oss på Torvmyrane. For å kompensere for dette, vil vi dele av fellesarealet og tilpasse ein del av arealet der til 3-4 åringar med rollelek og boltrelek/fysisk leik. Blåfjør og Røsslyng vil kunne samarbeide meir og møtes på «midten», altså fellesarealet. Linnea og Skogstjerne får ein del av fellesarealet tilpassa småbarn.

2.2. Barnehagen sitt sær preg og satsingsområde i 2025

Leike og læringsmiljø

Barnehagen driv med eit utviklingsarbeid vi kallar ex-ped-lab: Exploration Pedagogical Innovation Laboratories. Det er eit prosjekt om utforskande prosessar og pedagogisk innovasjon i barnehagen og er eit samarbeid mellom 3 partar: Barnehagen, Høgskulen på Vestlandet med forskrarar og Designarar/kunstnarar. Vi har valgt oss eit fokusarbeid som er «leike-og læringsmiljøet» og ei problemstilling knytt til dette. Problemstillinga vår er: «Korleis utøve vaksenrolla slik at uteleiken blir stimulert og inviterer til inkludering for alle aldergrupper». Dei 3 partane samarbeidar gjennom verkstadar, kvart år skal vi ha 4-6 verkstadar, i 2022, 2023 og 2024. Verkstadane inkluderer deling av observasjonar, kollektiv refleksjon, fantasi og visjonar. I 2025 vert det arbeidd med å lage ei digital plattform der dei ulike barnehagane som er med i prosjektet deler idear. I Florø er det Torvmyrane og Storevatn barnehage som er med, i tillegg til fleire barnehagar i Bergen. Vi er i gang med vår jobbing og har knytt det til filosofien, ved å tenke filosofisk handling. Vi prøver ut nye måter å jobbe på. Utendørs vil vi blant anna ha fokus på å la barna utforske, undre seg, oppleve, vere, sanse i uterommet. Arbeidet med ex-ped-lab styrast av ei prosjektgruppe som no teller fire personar.

Tenkereiskap

Mange intelligensar, Filosofi for barn, Tenkekart og Tenkehattar.

På Torvmyrane arbeider vi etter eit syn på evner og læring som bygger på Howard Gardners teori om mange intelligensar. Vi meiner at alle barn er eineståande, har ulike evner og talent og difor ulike grunnlag for å utvikle ekte sjølvkjensle. Vi oppmuntrar dei til å finne sine sterke sider gjennom å la dei prøve ulike aktivitetar og arbeidsmåtar. Barna må få tru på seg sjølve fordi det alltid finns noko dei kan lykkast i. For dei yngste i barnehagen er sansing og utforsking viktig.



Berekraftig utvikling

Vi vil arbeide vidare med berekraftig utvikling for å få meir bevisstheit rundt dette temaet. Vi vil fortsetje å jobbe med hagane utanfor barnehagen, lære om kretsløpet, så og hauste. Barna er med i prosessen "frå jord til bord". Barna skal også ta del i kjeldesortering, lære om forbruk, solidaritet og omsorg for kvarandre.



3. Barnehagen sin pedagogiske plattform

3.1. Barnehagen sin visjon

Alle barn er alles barn

Vi har laga felles visjon, standardar for samhandling og medarbeidarprofil.

På Torvmyrane skule er alle barn alles barn. Det merkar vi kvar dag ved at dei vaksne tek ansvar for barna på tvers av organisasjonen. Vi ser barna, tek vare på dei og involverer oss i dei. Barna opplever eit miljø der dei kjenner seg trygge og blir møtte med respekt.

3.2. Omsorg

“Omsorg er ein føresetnad for at barn skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik.” “I barnehagen skal barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.” (Rammeplan for barnehagen s 19, Utdanningsdirektoratet 2017).

Omsorg er grunnleggande for alt. I barnehagen skal vi ta vare på kvart einskild barn sitt behov for fysisk og psykisk omsorg-etisk omsorg. Vi skal passe på at alle barn trivast, kjenner seg trygge og kjenner tilhørsle til barnehagen. Det er viktig for oss at «Alle barn er alles barn». Vi skal møte barna på ein open, varm og inkluderande måte på tvers av avdeling, i heile organisasjonen. I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og får den støtta dei har behov for. Vi skal også utvikle barna si evne til å ta i mot og vise omsorg for andre. Personalet i barnehagen skal støtte og hjelpe barna til å bli den beste utgåva av seg sjølv.

Tiltak for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile:

- Variert utedmiljø
- Turar i skog og ulendt terreng
- Aktivitet i gymsal
- Boltreleik inne
- Dagsrytme med rom for fysisk aktivitet og roleg aktivitet
- Rom og tid for soving
- Høgtlesing og lydbok



- Innredning av rom i soner
- Inndeling av barn i smågruppe
- Alle kan ete medbrakt frukost og lunsj
- Fruktmåltid med tilbod om knekkebrød eller matpakke



Tiltak for Psykisk helse:

- Kontinuerleg fokus på eit inkluderande barnehagemiljø og skulemiljø
- Følge opp aktivitetsplikta dersom vi oppleve at eit barn ikkje har det trygt og godt
- Kvart barn har ein primærkontakt som føl opp barnet frå tilvenning og vidare framover.

Tverrfagleg blikk – Barn i risiko

- Omsorgsfulle relasjoner mellom barn og voksne
- Psykologisk førstehjelp - grøne tankar, glade barn
- Børker med utgpkt.i FN sin barnekonvensjon.
- Utvikle tillit til seg sjølv og andre
- Trivsel og meistring
- Sikre at det er fast personale i feriar



3.3. Leik og venskap

«Leiken er frivillig, lystbetont og indremotivert. Det er ein fysisk og psykisk aktivitet som ikkje har noko mål utover seg sjølv. Den skjer her-og-no og er styrt og strukturert av barna sjølve. Barna leiker aleine, ved siden av eller saman med andre. I leiken kan barna gløyme tid og stad, dei testar blant anna ut vaksenrolla, relasjonsmønstre og kjensler. I leiken lærer og utvikler barna seg» (Frå personalmøte hausten 2022)

“Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal gje rom for alle typar leik både ute og inne.” (Rammeplanen for barnehagen s. 22, Utdanningsdirektoratet 2017)



Leiken er viktig i barns liv fordi;

- Leik er ein stor del av barns liv.
- Når barnet ditt seier at det har leika så har det faktisk: vore eit barn. Opplevd latter og glede.
- Leiken har en eigenverdi og er ein livs- og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom.
- Leiken har mange uttrykksformer, og kan føre til forståing og vennskap på tvers av alder, språkleg og kulturell ulikskap.
- I eit leikefellesskap blir grunnlaget for barns vennskap med kvarandre lagt.
- Å få delta i leik og få vener er grunnlaget for barns trivsel i barnehagen.

“Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar; ferdigheter, kunnskap og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. Barnehagen skal aktivt legge til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap” (Rammeplan for barnehagen s. 22, Utdanningsdirektoratet 2017).

I samhandling med kvarandre blir grunnlaget for leik, læring og sosial kompetanse lagt.



Dei vaksne si rolle:

- *Vaksne som er til stades og har leikekompetanse «vere bevisste på å vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken» (Rammeplan for barnehagen s.21, Utdanningsdirektoratet 2017).*
- *«rettelie barna dersom leiken medfører uheldige samspelsmønster» (Rammeplan for barnehagen s. 20, Utdanningsdirektoratet 2017).*
- Vi skal gje barna mogleheter til utfolding, og la dei få eigne erfaringar, også ved å la dei prøve seg på ting dei ikkje heilt får til enda.

Dette gjør vi:

- Utvikling av fellesarealet, ulike leikekrokar. Legge til rette for variert leik.
- Utviklar og endrar leikar på avdelinga, med utgangspunkt i barnegruppa og einskild barn sine interesser og behov.
- Tema vi jobbar med inspirerer til leik- felles kunnskap om tema gir rom for felles leik.
- Vidareutviklar uteleiken i lag med tilsette i SFO og skule
- Aktivitetsveke på tvers av organisasjonen med temaet «inkluderande leik»

3.4. Danning

“Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å legge grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap.” (Rammeplan for barnehagen s. 21, Utdanningsdirektoratet 2017).

Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

For å få dette til har vi desse tiltaka:

- Personalet har fokus på at alle barna skal oppleve ei trygg tilknyting til dei vaksne i barnehagen.
- Barna blir sett og får støtte i si omsorg for kvarandre.
- Barna vil få gode og varierte leikefaringar utifrå det fysiske miljøet, eigne initiativ og aktive vaksne.
- Gjennom filosofiske samtalar undrar barn og vaksne seg saman over ulike fenomen.
- Barn og vaksne samtalar om tradisjonar, religion og livssyn som er representert i barnehagen
- Barnehagen jobbar med berekraftig utvikling

3.5. Læring

“I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre” (Rammeplan for barnehagen s. 22, Utdanningsdirektoratet 2017).

Barnehagen skal i samarbeid og nær forståing med heimen ta i vare barna sitt behov for omsorg og leik, fremje og læring som grunnlag for allsidig utvikling.

For å få dette til har vi desse tiltaka:

- Vi nyttar alle situasjonar gjennom barnehagedagen, både formelle og uformelle, som moglege leike- og læringssituasjonar utifrå barnet sin alder, modning og interesser.
- Personalet tek i vare barna sin nysgjerrigkeit til omverda, og støttar barna i å utforske og eksperimentere med det dei er opptekne av.
- Barna skal lære om seg sjølv og oppleve meistring i samhandling med andre barn og vaksne.
- Personalet jobbar etter teorien om mange intelligensar (MI), og skal sikre at barna får tilført grunnleggande kunnskap innan alle fagområda.
- Personalet møter det nysgjerrige, kreative og lærande barnet med ein anerkjennande veremåte.



4. Barns medverknad

Barn skal uavhengig av alder jamleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda (Rammeplan for barnehagen kap.4, s. 27, Utdanningsdirektoratet 2017).

Det er likevel viktig å tenke på at barna sine synspunkt skal tilleggast vekt utifrå alder og modning. Barna skal ikkje overlastast eit ansvar dei ikkje er rusta til å ta.

Korleis jobbar vi med barns medverknad:

- Barna blir sett, hørt og bekrefta av tilstadeverande og tilgjengelege vaksne.
- Barna får vere med på å ta val som påverkar kvardagen deira gjennom val av aktivitet.
- Alle skal lære å ta sine eige individuelle val og tote å stå for dei, og samtidig respektere at andre kan velje ulikt dei sjølv.
- Barna får vere ordensgut/jente.
- Barnet lærer etter kvart å si meining er ei av fleire i ei gruppe.
- Ansvaret ligg alltid hjå dei vaksne

5. Barnehagen som pedagogisk verksemd

5.1. Planlegging, dokumentasjon, refleksjon og evaluering

Systematisk planleggings og vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. I løpet av året skal foreldre og andre få informasjon om kva barna lærer og opplever i barnehagen. På månadsplanen vil det også vere litt informasjon om månaden som har gått.

Vi planlegg utifrå overordna lovverk, Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen. Vidare planlegg vi utifrå årshjul og barna si stemme.

Kunnskap om barnegruppens og enkeltbarns trivsel og allsidige utvikling er viktig for å gi alle barn et tilrettelagt tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. Barnets trivsel og allsidige utvikling skal derfor observeres og vurderes fortløpende, med utgangspunkt i barnets individuelle forutsetninger og kunnskap om barns utvikling og behov. Barnets erfaringer og synspunkter skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

Det pedagogiske arbeidet skal jammleg evaluerast. Det kan vere enkelte område vi plukkar ut for å forbedre eller sjekker ut for at alle barn får eit tilbod i tråd med Lov om barnehagar og rammeplan. Saman lærer vi av eigen praksis og barnehagen vidare. Ved siden av årsplanen vil vi ha ein progresjonsplan for arbeidet.

Planlegging og kompetanseheving

Til dette arbeidet bruker vi avdelingsmøter, pedagogiske leiarmøter, personalmøter, planleggingstid. Gjennom ordninga «regional kompetanseheving» har vi hatt tildelte midlar til å drive med barnehagebasert kompetanseutvikling. Det betyr at heile personalet er med. Vi planlegg og i lag med personalet i skule og SFO, for god samhandling og godt samarbeid på tvers av organisasjonen.

5.2. Arbeidsmåtar og arbeidsverktøy

Vi har fleire verktøy som vi brukar i arbeidet vårt. Nokre er knytt til metodisk og pedagogisk arbeid med barna, nokre er tankemodellar som handlar om bevisstgjering og kompetanseutvikling hos personalet, andre er knytt til organisasjonsarbeid og systemarbeid.


TENK- handbok for Torvmyringar, innføring i våre arbeidsverktøy tenkehattar, tenkekart, filosofi med barn og mange intelligensar.

Primærkontakt for kvart barn, sikre at alle barn blir sett og hørt.

Kwart barn får tildelt ein eigen voksen som skal gje tryggleik og omsorg gjennom barnehagedagen. Dette er for å sikre at alle barna skal bli sett, høyrd og bekrefta av minst ein voksen kvar dag.

Primærkontakten vil vere saman med barnet i rutinesituasjonar den fyrste tida. Når barnet begynner i barnehagen er det viktig at barna får god tid til å bli kjende med dei andre barna og dei vaksne i barnehagen medan mor/far eller andre viktige personar er tilstades.

Trygghetssirkelen - eit verktøy for å forstå og møte barnas behov



Trygghetssirkelen bygger på mange års forsking kring tilknyting og viser oss korleis dei grunnleggande behova heng saman. Den er ein visuell sirkel der den vaksne er den trygge og sikre hamna.

Når barnet er utforskande, beveger det seg ut frå den trygge hamna, barnet er då oppe i sirkelen. Barnet er framleis avhengig av vaksne i form av støtte og hjelp ved behov. Når barnet er nede i sirkelen har barnet behov for beskyttelse, trøyst, godheit og organisering av kjenslene sine. Ingenting er så viktig som dei vaksne si evne til å inngå i positive, sensitive samspel med barna, evna til å forstå barna innanfrå og ha godheit for deira behov. Tryggleik, ømheit og glede er viktigare enn alt anna i barnehagen. Trygghetsirkelen er med på å hjelpe personale i dette arbeidet.

Språkarbeid

Plan for språkarbeid i tidlegare Flora kommune, og pedagogisk materiell som Snakkepakken, Språksprell, Språkkista, Alf og Bett, Skrivedans, og Grip omgrepene.

Snakkepakken: Eit gjennomarbeidd språkverktøy med språkstimulerande materiell. Snakkepakken tek utgangspunkt i eventyr og er sett saman av 140 gjenstandar, spel og bøker som kan kombinerast i fleire ulike samanhengar. Målet er å styrke språkferdigheita, tilegne seg ordforråd og ordforståing til alle barn uavhengig av morsmål.



Språksprell; Metodisk språkleik konstruert med tanke på oppøving av språkleg/fonologisk bevissthet hos barn frå 4 – 6 år. Forståing for språket si form, ikkje berre innhaldssida, er ein føresetnad for å lære å lese og skrive.



Språkkista; Språkkista er bygd opp over 10 ulike tema, som alle er velkjende frå barnehagen og tilpassa barnehageåret.

Grip omgrepene: Ein metodikk for strukturert omgrepsslæring som legg vekt på heilskapleg omgrepsskompetanse. Ved å gå djupare inn i eit og tilnærtingsmåte som kan overførast til andre samtale, reflektere rundt innhaldssida formsida og



ein omgrep lærer barna ein omgrep. Dette gjer ein ved å brukssida til omgrepene.

Alf og Bett: Bokserie med fokus på bokstavlydane, 32 engasjerande bøker ein for kvar bokstav, der barna kan lytte, synge og leike seg til kunnskap om bokstavane.

Trampoline er eit opplegg som er utvikla for 5-åringane i bhgen og som vi bruker i Friluftsgruppa. Trampoline er utvikla med ”Rammeplan for barnehagens innhald og oppgaver” som grunnlag der det vert lagt vekt på leik, læring, undring, refleksjon, språkforståing og omgrepsforståing. Barna skal bli kjende med ulike tema som rim, symbol, bokstavar, stavingar, sortering, mønster, former, tal, måling, meg sjølv.

ASK står for alternativ og supplerande kommunikasjon. ASK er kommunikasjon som erstattar eller supplerer tale i kommunikasjon ansikt til ansikt. Det kan vere kroppsspråk, tegn til tale, gester, mimikk, blikk og peiking. Det kan vere ulike grafiske symbolsystem på papir, skrift eller digitale kommunikasjonsmiddel. I barnehagen vil alle barn profittere på bruk av ASK. Det vil til dømes vere synleg på veggen i form av bilete med symbol. Det vil kunne vere til hjelp for fleirspråklege barn, små barn i utvikling av talespråk og dei som vil trenge støtte og hjelp over lengre tid.

“**Førstehjelpspakken «Henry»** bruker vi i arbeidet med å ha fokus på og lære om førstehjelp.

Brannnførebyggande arbeid, her nyttar vi materiell fra ”Eldar og Vanja” og brannbamsen ”Bjørnis”

Sosial kompetanse

I arbeidet med Sosial kompetanse nyttar vi Linda Palm og Lisa Sollenberg sine bøker om Kanin og Piggsvin, og ti vennebøker med utgangspunkt i FN sin barnekonvensjon. Psykologisk førstehjelp - eit sjølvhjelpsverktøy for meistring av eigne kjensler. Nettstaden, www.jegvet.no om gode og vonde hemmelegheiter.



Kartleggingsverktøy som TRAS – tidleg registrering av språk, og ALLE MED - registrerer språkutvikling, leik, sosio-emosjonell utvikling, kvardagsaktivitetar, trivsel og sansemotorisk utvikling.



6. Samarbeid mellom heim og barnehage

Grunnlaget for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage vert etablert når barnet begynner i barnehagen. Seinare er det den daglege kontakten ved bringing og henting som er den viktigaste arenaen for god dialog og informasjonsutveksling. Vi har som mål at foreldra skal bli møtt i garderoben eller på avdelinga på ein imøtekommande måte både morgon og ettermiddag.

Det formelle samarbeidet er knytt til foreldresamtalar og foreldremøter. Alle foreldre/føresette får tilbod om to individuelle samtalar årleg. Foreldra får skriftleg invitasjon med tid og stad og innhold for samtalens. Foreldra får også invitasjon til eit eller to felles foreldremøter i året.

Vi har også årlege arrangement der vi inviterer foreldre til luciafrukost, julefest, påskefrukost, nasjonal barnehagedag, sommaravslutning.

Barnehagelova pålegg barnehagen å ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

På Torvmyrane har vi felles foreldreråd og samarbeidsutval for både barnehage og skule.

Foreldrerådet (FAU) er alle foreldra, og kvart år vel dei to foreldre frå kvar avdeling, ein representant og ein vara. Det same gjer dei på skulen.

Samarbeidsutvalet (SU) er sett saman av 2 foreldrerepresentantar (leiar og nestleiar i FAU), 2 personalrepresentantar, 2 representantar for eigars, politisk vald og rektor.

7. Tilvenning og overgangar

7.1 Når barnet begynner i barnehagen

I løpet av juni får alle dei nye borna som skal starte i august komme på besøk. Vi vil invitere til ei oppstartssamtale før sommarferien. Det kan vere ei anledning for å avklare forventningar, førebu seg på oppstart enten det gjeld innkjøp av klede og utstyr eller mat og sovn. Tilvenning til å gå i barnehage starter før barnet begynner. Barnet skal inn i ei gruppe, der barnet er ein av fleire barn som dei tilsette er der for. Det er til dømes ein fordel om det lille barnet er tilvendt soving med hjelpeemidler som personalet kan stille opp på, som til dømes smokk og kosefille. Dersom barnet er vand med å bli amma i sovn, vil tilvenning i barnehagen bli ei større utfordring for barnet dersom ein ikkje øver opp andre måter å sovne på i løpet av sommaren. Personalet kan og etterspørje og motta informasjon som kan vere viktig for å planlegge for ei god tilvenningstid. Barna startar med tre tilvenningsdagar i august, desse kan utvidast ved behov.

7.2 Samarbeid i barnehagen

Når barnet skifter avdeling, vil ped.leiar på den gamle avdelinga overføre viktig informasjon til ped.leiar på den nye avdelinga.

7.3 Samarbeid mellom barnehagar

Dersom barnet skifter barnehage, vil det bli spurt om lov til å overføre opplysningar mellom barnehagane. Dersom barnet har særskilde behov vil dette særleg gjelde.

7.4 Samarbeid med instansar utanfor barnehagen

Vi samarbeider med fleire ulike instansar utanfor barnehagen som:

PPT (pedagogisk psykologisk tenestekontor)

BUP (barne-.og ungdomspsykiatrisk poliklinikk)

Helsestasjonen

Fysio- og ergoterapiavdelinga

Habiliteringseininger i Helse Førde

7.4 Overgang frå barnehage til skule og SFO

Barnehagen skal i samarbeid med skulen legge til rette for overgang frå barnehage til skule og eventuelt SFO.

For å få dette til, har vi desse tiltaka:

- Personalet lærer barna, i samarbeid med foreldra, å bli meir sjølvhjelpe før skulestart.
- Gjennom spel og regelleikar blir barna vande til å halde seg til reglar og å vente på tur.
- Barna øver på å lytte til beskjedar, gjennomføre oppgåver, halde avtalar og ta vare på tinga sine.
- Barna øver på å samarbeide med ulike barn og vaksne.
- Vi følger felles kommunal plan for overgang frå barnehage til skule.
- Alle skulestartarane går på same avdeling siste året før skulestart.
- Alle skulestartarane får vere med på besøksdag på skulen:
- Før påske får dei vere med på ei 20 minuttars samling i 1. klasse. Etter påske får dei vere med på ei 45 minuttars økt i 1. klasse

8. Praktisk informasjon

Gebursdagsfeiring

- På barnet sin gebursdag får barnet ekstra merksemd i lag med sine barnehagevener.
- Vi markerer med song og leik på avdelinga og i songsamlinga kvar fredag.
- Avdelinga heng ut flagg ved garderoba
- Vi oppmodar om å tenke inkludering når ein inviterer til privat feiring. Barnehagen kan hjelpe til med å dele namn og telefonenumber til foreldre.

Leiker

- Vi set pris på at de ikkje tek med barnet sine private leikar i barnehagen. Det kan vere med på å skape unødig konflikt mellom barn.
- Barnehagen har gode leikar som barna lærer å dele på og der dei lærer å vente på tur.

Medisinhandtering

- Foreldre kan inngå avtale med personalet om å vere til hjelp med medisinering i barnehagetida. Dersom dette skal skje, har kommunen eige prosedyre for dette. Det er behov for å sette av tid til utfylling av diverse skjema dersom dette er aktuelt.

Ferieavvikling

- Alle barn, som vaksne, har behov for ferie. Vi anbefaler at dei får tre veker samanhengande ferie om sommaren.
- Juli månad er betalingsfri. Dette er på grunn av 5 planleggingsdagar som barnehagen er stengd, i tillegg til dei 3 vekene ferie som barnet må ta ut.
- I ferien vil vi slå saman nokre avdelingar og det vert brukt innleigde ferievikarar.

9. Råd og utval

9.1 Foreldrerådet

- For å sikre samarbeidet med heimen til barna, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.
- Foreldrerådet består av foreldre / føresette til alle barna i barnehagen.
- Foreldrerådet er heimla i forskrift om barnehagens foreldreråd.
- Foreldrerådet skal bidra til at samarbeidet mellom foreldre og barnehage blir godt, og til utvikling av eit godt barnehagemiljø.
- Foreldrerådet skal bli førelagt og ha rett til å uttale seg i saker som er viktige for foreldra sitt tilhøve til barnehagen.
- Foreldrerådet vel representantar til samarbeidsutvalet.
- Foreldrerådet kan fritt halde møter utan at personalet er tilstades.
- På Torvmyrane har vi felles foreldreråd for barnehage og skule

9.2 Samarbeidsutvalet

Ved Torvmyrane skule er det felles samarbeidsutval for barnehage og skule. Det består av representantar frå foreldre, Kinn kommune ved politisk representant, leiing ved skulen og personal. Samarbeidsutvalget skal være eit rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ.

Saman skapar vi eit godt oppvekstmiljø for barna.

10. Standardar ved Torvmyrane skule

Alle borna

- Eg hjelper andre viss dei treng det - særleg dei som er mindre.
- Eg er høfleg mot alle - også mot dei eg ikkje likar så godt.
- Eg seier det eg meiner, og let andre få sleppe til med sine meininger utan å gjere narr.
- Viss eg er sur på nokon, snakkar eg med den eg er sur på, eller får hjelp av ein voksen til å ordne opp i det.
- Når eg skal snakke med nokon, går eg bort til dei i staden for å rope.
- Når ein voksen snakkar til meg, stoggar eg opp, hører etter og svarer på ein skikkeleg måte.
- Eg hjelper til med å holde det pent og ryddig ute og inne, og steller fint med tinga på skulen og i barnehagen.

Skuleborna

- Eg gjer det som blir avtala eller bestemt i undervisninga - også det eg ikkje li-kar så godt.
- Eg møter til undervisninga når eg skal.
- Eg gjer heimearbeidet mitt til avtalt tid.
- Eg har orden i sekken min, og hugsar å levere meldingar både heime og på skulen.
- I skuletida går eg frå skulen berre når eg har avtale med ein voksen.

Klassen og avdelinga

- Vi har god orden i garderoben.
- Vi går roleg frå ein stad i huset til ein annan.
- Vi opptrer for andre, og er flinke til å vere publikum når andre opptrer for oss.
- Vi er rolege når vi et, slik at vi kan prate hyggeleg saman eller høyre på høgt-lesing.

Klassen

- Vi har laga reglar for korleis vi vil ha det i klassen, og følgjer dei.
- Vi kan sitte i gruppe med alle i klassen - også med dei vi ikkje likar så godt.

Personalet

- Eg møter born med varme og humor, og viser at eg er glad for å sjå dei, sjølv om eg måtte ha ein dårlig dag.
- Eg finn gode sider ved alle borna, og behandlar dei individuelt etter beste evne.
- Eg kjeftar aldri på borna, men tar dei til sides og snakkar med dei når ingen andre høyrer.
- Når eit barn snakkar til meg, stoggar eg opp, høyrer etter og svarer på ein skikkeleg måte.
- Eg unngår ironi når eg snakkar med borna.
- Eg gjer mitt beste for at ingen skal falle utanfor i leik og andre aktivitetar.
- Eg legg vekt på å skape god og roleg stemning blant borna om morgonen.
- Eg held orden saman med borna, og ser til at det er ryddig når vi går.
- Eg arbeider systematisk med det sosiale miljøet blant borna, og prøver sjølv å vere eit godt føredøme.
- Eg støttar kollegaene mine både fagleg og sosialt, og tar godt i mot nye i personalet anten dei skal vere her kort tid eller lenge.
- Eg er høfleg mot alle - også dei eg ikkje likar så godt.
- Når eg er sint, lei meg eller misnøgd, snakkar eg direkte med den det gjeld og går aldri bak ryggen deira.
- Eg set nye idéar ut i livet saman med dei andre, og torer å prøve ut nye hand-lingar sjølv om utfallet er uvisst.
- Eg er ansvarleg for det totale miljøet på Torvmyrane, sjølv om eg til dagleg arbeider berre i ein del av organisasjonen.
- Når ei arbeidsgruppe med ansvar for eit prosjekt eller ein aktivitet har bestemt noko, stiller eg lojalt opp på det.
- Eg tar raskt kontakt med foreldra når det har hendt noko spesielt med eit barn.

Ingen utenfor: Inkludering og trygt skolemiljø - Skole og barnehage

Foreldra

Eg passar på at barnet mitt møter utkvilt og mett om morgonen.

- Eg følgjer med i informasjon som blir send heim.
- Eg snakkar med barnet mitt om det som har hendt i løpet av dagen. Viss eg er i tvil om noko, snakkar eg med personalet før eg tar stilling.
- Eg rosar barnet mitt for god innsats og godt kameratskap.
- Eg passar på at barnet mitt har med seg det som er avtala og gjer det som det skal til avtalt tid.

- Eg oppmuntrar barnet mitt til å fare fint med bøker, leikar og anna utstyr.
- Eg snakkar ikkje nedsettande om Torvmyrane skule, personalet, born eller foreldre så barnet mitt høyrer på.
- Eg avtalar tid for å snakke med personalet om vanskelege saker, og tar ikkje slikt opp tilfeldig eller når andre er til stades.
- Viss det oppstår konfliktar mellom meg og Torvmyrane skule eller nokon som er tilsett der, følgjer eg dei vedtatte prosedyrene for konflikthandtering.
- Eg tar min tørn for å få formelle organ (klassekontakt, FAU, SU), dugnader og anna til å fungere godt.

